



Volda kommune

Møteprotokoll

Utval: Fellesnemnda for nye Volda
Møtestad: Volda rådhus,
Dato: 17.10.2019
Tid: Kl. 14:00-17.30

Medlemmar som møte	Reprenter	Funksjon
Jørgen Amdam	Ap	nestleiar
Randi Langlo	Ap	medlem
Stig Olav Lødemel	H	leiar
Margrete Bjerkvik	KrF	medlem
Bente Tryggestad	SP	medlem
Eldar Englund	SP	medlem
Odd A. Folkestad	UAV	medlem
Odd Harald Sundal	UAV	medlem
Brynhild Lund Notøy	V	medlem

Forfall	Reprenter	Varamedlem	Reprenter
Sølvi Dimmen	SP	Gunnar Strøm	SV

Andre som møte

Rune Sjurgard - rådmann
Jarl Martin Møller – kommunalsjef teknisk OS 55/19, PS 60/19 og PS 61/19
Kari Mette Sundgot – økonomisjef PS 57/19 og PS 58/19
Bente Engeseth – informasjonskonsulent PS 66/19
Anette Hauger – barnevern PS 62/19
Sonja Håvik - møtesekretær

Inhabile	Sak	Følgjande vara møte	Merknader
Odd A. Folkestad	56/19		Styremedlem i Sunnmøre kulturnæringshage som er part i saka, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e, 2
Randi Langlo	61/19		Styreleiar i Hornindal skisenter, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e, nr. 2

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
54/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	19/15320
55/19	Godkjenning av protokoll	19/15320
56/19	Orienteringar	19/15320
53/19	Orienering Volda og Ørsta reinhaldsverk	19/15320
62/19	Økonomiplan 2020-2023, Årsbudsjett 2020	
54/19	Barnehagedrifta Volda sentrum	19/15320
60/19	Kommunikasjonsplan	19/15320
55/19	Interkommunale samarbeid	19/15320
56/19	Avslutting av prosjekt Smia utvikling - ny næring på gamle tufter	19/15686
57/19	Brev frå Helse Midt-Norge til fellesnemnda for nye Volda kommune - Volda sjukehus - Eit fullverdig akuttsjukehus med traumefunksjon	19/10805
58/19	Svar på spørsmål om gildskap i nemnda som skal ha tingingar om oppgjeret om grensejustering av Bjørke og Viddal	19/11653
59/19	Oppmoding om tiltak for å fjerne byråkratisk meirarbeid knytt til momsreglane for samanslåingskommunar	19/14782
61/19	Prosjekt rehabilitering - samarbeid kommunane og Helseføretaket	19/15320
63/19	Felles legevakt Volda og Ørsta	19/14335
66/19	Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune - gjeldande frå 01.01.2020	19/12197
57/19	Økonomirapport prosjektmidlar Nye Volda	19/10649
58/19	Ny avtale om interkommunalt samarbeid om arbeidsgjevarkontroll	19/14329
59/19	Søknad om framhald som Fairtrade kommune	19/11245

60/19	Godkjenning av samarbeidsavtale og tenesteytingsavtale	19/15351
61/19	Handlingsprogram for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (2020), Volda kommune - offentlig ettersyn	19/13761
62/19	Sak vedrørende interkommunalt barnevernsamarbeid- Sande kommune	19/10394
64/19	Retningslinjer for grendeutval i Volda kommune	19/15213
65/19	Forliksråd nye Volda kommune	19/14923
67/19	Val av målform i samband med kommunesamanslåinga	19/14176
68/19	Markering overgang til ny kommune - fest 19. desember 2019	19/15649

Volda, 18.10.2019

Stig Olav Lødemel
Leiar fellesnemnda

54/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent, med tillegg og endring, frå leiaren i fellesnemnda.

Behandling:

Sakliste

Leiar for fellesnemnda Stig Olav Lødemel kom med slikt framlegg:

- Sak PS 63/19 Felles legevakt vert handsama etter OS 53/19.
- Orientering frå administrasjonen om årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vert handsama etter PS 63/19

Eldar Englund reiste spørsmål om status kring innplassering av tilsette frå Hornindal i ny kommune. Rådmannen i Hornindal, Ann Kristin Langeland, informerte om at alle har fått tildelt avdelingar, men det gjenstår framleis noko arbeid kring oppgåvefordelinga i stabane.

55/19 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen frå møte 05.09.2019 vart godkjend utan merknad.

56/19 Orienteringar

53/19 Orienering Volda og Ørsta reinhaldsverk

Behandling:

Ina Osdal Saure frå Volda og Ørsta reinhaldsverk orienterte om renovasjonstilbodet som vert gitt til innbyggjarane i Hornindal etter kommunesamanslåinga.

62/19 Økonomiplan 2020-2023, Årsbudsjett 2020

Behandling:

Prosjektleiar Rune Sjurgard orientert om statsbudsjettet 2020 og status for budsjettarbeidet i Volda kommune.

54/19 Barnehagedrifta Volda sentrum

Behandling:

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte om barnehagedrifta i Volda sentrum. Det vert lagt fram sak til politisk handsaming der administrasjonen vil tilrå overtaking av Bratteberg barnehage, nedlegging av Sollia barnehage og samlokalisering av Bratteberg barnehage og Sollia barnehage.

60/19 Kommunikasjonsplan

Behandling:

Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven orienterte om arbeidet med ny kommunikasjonsplan. Kommunikasjonsplanen vert lagt fram til politisk handsaming rundt årsskiftet.

55/19 Interkommunale samarbeid

Behandling:

Kommunalsjef Jarl Martin Møller orienterte om at fleire kommunar ser behovet for eit meir forpliktande samarbeid både fagleg og økonomisk innafor kart og oppmåling.

Kommunane opplever utfordringar med rekruttering til dette tenesteområde og vurderer det som nødvendig å sjå på eit større samarbeid. Med bakgrunn i dialogen mellom kommunane har Ulstein, Herøy og Volda kommunar sendt ut invitasjon til dei andre fire kommunane på Søre Sunnmøre for å invitere desse inn i eit slik samarbeid. Hareid har takka ja til å vere med vidare, dei andre har takka nei.

Kommunar i 7K har gjennom år hatt eit fagleg samarbeid gjennom det etablerte kartforumet. Dette forumet har fungert godt og lagt grunnlag for å bygge ein felles plattform med omsyn til investeringar i mellom anna programvare og teknisk infrastruktur.

56/19 Avslutting av prosjekt Smia utvikling - ny næring på gamle tufter

Behandling:

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Sunnmøre kulturnæringshage, jamfør fvl. § 6, 1. ledd, e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Gunnar Strøm reiste spørsmål om habilitet, han er varamedlem i Sunnmøre kulturnæringshage, jamfør fvl. § 6, 1. ledd, e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.
Gunnar Strøm vart samrøystes kjent habil.

Prosjektleiar Rune Sjurgard orienterte.

Odd A. Folkestad tok sete.

57/19 Brev frå Helse Midt-Norge til fellesnemnda for nye Volda kommune - Volda sjukehus - Eit fullverdig akuttsjukehus med traumefunksjon

58/19 Svar på spørsmål om gildskap i nemnda som skal ha tingingar om oppgjeret om grensejustering av Bjørke og Viddal

Behandling:

Prosjektleiar Rune Sjurgard orienterte og la fram tilsvar frå Sølvi Dimmen vedk. spørsmål om gildskap.

Fellesnemnda drøfta saka og var samde om å sende eit brev til Ørsta kommune om vidare forhandling.

59/19 Oppmoding om tiltak for å fjerne byråkratisk meirarbeid knytt til momsreglane for samanslåingskommunar

61/19 Prosjekt rehabilitering - samarbeid kommunane og Helseføretaket

Behandling:

Prosjektleiar Rune Sjurgard orienterte.

63/19 Felles legevakt Volda og Ørsta

Vedtak:

1. ***NyeVolda held fram med to legevaktdistrikt i kontortida til fastlegekontora også etter samanslåinga. Utanom kontortid blir Hornindal ein del av Volda legevaktdistrikt frå 1.januar 2020.***
2. ***NyeVolda kommune etablerar felles legevaktdistrikt i tidsrommet utanfor kontortid på kvardagar med Ørsta kommune frå 1.september 2020..***
3. ***Volda held fram som vertskommune for Søre Sunnmøre interkommunale nattlegevakt, og blir ansvarleg for drifta av legevakta for Ørsta og NyeVolda.***
4. ***Volda kommune tek over drifta av legevaktsentral for kommunane på Søre Sunnmøre og denne samlokalisert med legevaktslokala***
5. ***Legevaktslokala lokaliserast i nær tilknytning til ny ambulansestasjon i Hovden***
6. ***Det blir utarbeida nye vertskommuneavtale med alle samarbeidskommunane tilpassa den nye drifta.***
7. ***Pkt. 2-6 forutsett positivt vedtak om samarbeid i Ørsta kommune.***

Behandling:

Prosjektlear for felles legevakt mellom Volda og Ørsta, Bent Ingebrigtsen, orienterte.

Røysting (10 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Rådmannen si tilråding:

1. *NyeVolda held fram med to legevaktdistrikt i kontortida til fastlegekontora også etter samanslåinga. Utanom kontortid blir Hornindal ein del av Volda legevaktdistrikt frå 1.januar 2020.*
2. *NyeVolda kommune etablerar felles legevaktdistrikt i tidsrommet utanfor kontortid på kvardagar med Ørsta kommune frå 1.september 2020..*
3. *Volda held fram som vertskommune for Søre Sunnmøre interkommunale nattlegevakt, og blir ansvarleg for drifta av legevakta for Ørsta og NyeVolda.*
4. *Volda kommune tek over drifta av legevaktsentral for kommunane på Søre Sunnmøre og denne samlokaliseras med legevaktslokala*
5. *Legevaktslokala lokaliserast i nær tilknytning til ny ambulansestasjon i Hovden*
6. *Det blir utarbeida nye vertskommuneavtale med alle samarbeidskommunane tilpassa den nye drifta.*
7. *Pkt. 2-6 forutsett positivt vedtak om samarbeid i Ørsta kommune.*

66/19 Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune - gjeldande frå 01.01.2020**Vedtak:**

Fellesnamnda godkjenner at "Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune, gjeldande frå 01.01.2020", vert sendt ut på høyring slik den ligg føre i vedlegg 1. Høyringsperioden vert sett til 3 veker.

Behandling:

Sakshandsamar Bente Engeseth orienterte.

Røysting (10 Røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Rådmannen si tilråding:

Fellesnamnda godkjenner at "Alkoholpolitisk handlingsplan for Volda kommune, gjeldande frå 01.01.2020", vert sendt ut på høyring slik den ligg føre i vedlegg 1. Høyringsperioden vert sett til 3 veker.

57/19 Økonomirapport prosjektmidler Nye Volda

Vedtak:

Økonomirapport september på prosjektmidler Nye Volda vert teke til vitande

Behandling:

Røysting (10 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Rådmannen si tilråding:

Økonomirapport september på prosjektmidler Nye Volda vert teke til vitande

58/19 Ny avtale om interkommunalt samarbeid om arbeidsgjevarkontroll

Vedtak:

Fellesnemnda godkjenner vedlagte forslag til avtale med Ålesund kommune som vertskommune.

Avtalen vert tidsavgrensa fram til skatteinnkrevinga og arbeidsgjevarkontrollfunksjonen vert overført frå kommunane til staten.

Behandling:

Røysting (10 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Rådmannen si tilråding:

Fellesnemnda godkjenner vedlagte forslag til avtale med Ålesund kommune som vertskommune.

Avtalen vert tidsavgrensa fram til skatteinnkrevinga og arbeidsgjevarkontrollfunksjonen vert overført frå kommunane til staten.

59/19 Søknad om framhald som Fairtrade kommune

Vedtak:

Volda kommune søker om fornying av status som Fairtrade-kommune.

Behandling:

Røysting (10 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Rådmannen si tilråding:

Volda kommune søker om fornying av status som Fairtrade-kommune.

60/19 Godkjenning av samarbeidsavtale og tenesteytingsavtale**Vedtak:**

Fellesnemnda for nye Volda godkjenner samarbeid- og tenesteytingsavtale med Volda kyrkjelege fellesråd slik dei ligg føre

Behandling:

Kommunalsjef teknisk sektor Jarl Martin Møller møtte.

Røysting (10 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Rådmannen si tilråding:

Fellesnemnda for nye Volda godkjenner samarbeid- og tenesteytingsavtale med Volda kyrkjelege fellesråd slik dei ligg føre

61/19 Handlingsprogram for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (2020), Volda kommune - offentlig ettersyn**Vedtak:**

- 1. I medhald av plan- og bygningslova §§ 11-15 vert handlingsprogram for "Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2020 - lagt ut til offentlig ettersyn slik det går fram av saksvedlegg 1 og 2.***
- 2. Andre registrerte anlegg, jf. liste nemnt i saksutgreiinga, er prioriterte idretts- og friluftslivs-anlegg som kan få plass i handlingsprogrammet og ha prioritet ved seinare rulleringar, og i nye søknadsrunder for spelemiddelordninga etter kvart som dei er klargjort for søknad og har tilfredsstillande planar for finansiering og drift.***
- 3. Handlingsprogrammet vert lagt ut til offentlig ettersyn i 4 veke og skal endeleg godkjennast av kommunestyret for nye Volda når innspel og endringsframlegg er vurderte.***

Behandling:

Randi Langlo reiste spørsmål om habilitet. Ho er styreleiar i Hornindal skisenter, som er part i saka, jf. fvl. § 6, 1. ledd, e, nr. 2. Ho tok ikkje del i hansaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Randi Langlo vart samrøystes kjent inhabil.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Randi Langlo tok sete.

Rådmannen si tilråding:

- 1. I medhald av plan- og bygningslova §§ 11-15 vert handlingsprogram for "Kommunedelplan for fysisk aktivitet og anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2020 - lagt ut til offentleg ettersyn slik det går fram av saksvedlegg 1 og 2.*
- 2. Andre registrerte anlegg, jf. liste nemnt i saksutgreiinga, er prioriterte idretts- og friluftslivs-anlegg som kan få plass i handlingsprogrammet og ha prioritet ved seinare rulleringar, og i nye søknadsrunder for spelemiddelordninga etter kvart som dei er klargjort for søknad og har tilfredsstillande planar for finansiering og drift.*
- 3. Handlingsprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn i 4 veke og skal endeleg godkjennast av kommunestyret for nye Volda når innspel og endringsframlegg er vurderte.*

62/19 Sak vedrørende interkommunalt barnevernsamarbeid- Sande kommune

Vedtak:

- 1. Fellesnemnda godkjenner revidert samarbeidsavtale om regionalt barnevernsamarbeid mellom Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta der også Sande vert med som samarbeidskommune frå 01.01.2020. Volda er vertskommune.**
- 2. Samarbeidskommunane under leiing av vertskommunen gjennomfører ei kartlegging av kostnader og tenestekvalitet, og skal**

ut frå dette grunnlaget vurdere kva som kan bedrast og kva som fungerer godt. Frist for dette vert satt til 01.08.21.

Behandling:

Sakshandsamar Anette Hauger møtte.

Røysting (10 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Rådmannen si tilråding:

1. Fellesnemnda godkjenner revidert samarbeidsavtale om regionalt barnevernsamarbeid mellom Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta der også Sande vert med som samarbeidskommune frå 01.01.2020. Volda er vertskommune.
2. Samarbeidskommunane under leiing av vertskommunen gjennomfører ei kartlegging av kostnader og tenestekvalitet, og skal ut frå dette grunnlaget vurdere kva som kan bedrast og kva som fungerer godt. Frist for dette vert satt til 01.08.21.

64/19 Retningslinjer for grendeutval i Volda kommune

Vedtak:

Fellesnemnda vedtek Retningslinjer for grendeutval i Volda kommune slik som skildra i vedlegget, med følgjande endring for punkt 1:

«Bygdemøtet/årsmøtet i den einskilde krins/bygd nemner sjølve opp grendeutval. Bygdemøtet/årsmøtet innstiller om kva grunnkrinsar som grendeutvalet skal representere, men slik at alle grunnkrinsar er representert om mogleg. Kvart grendeutval bør ha 3-7 medlemmer aukande med folketalet i krinsane/bygda. Det er opp til det enkelte grendeutvalet om dei vil oppnemne varamedlemer. Medlemer og varamedlemer i kommunestyret kan vere medlemmer i grendeutvala. Bygdamøtet/årsmøtet melder inn namna på medlemmer i sitt grendeutval til kommunestyret til orientering.»

Behandling:

Røysting (10 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Rådmannen si tilråding:

Fellesnemnda vedtek Retningslinjer for grendeutval i Volda kommune slik som skildra i vedlegget, med følgjande endring for punkt 1:

«Bygdemøtet/årsmøtet i den einkilde krins/bygd nemner sjølve opp grendeutval. Bygdemøtet/årsmøtet innstiller om kva grunnkrinsar som grendeutvalet skal representere, men slik at alle grunnkrinsar er representert om mogleg. Kvart grendeutval bør ha 3-7 medlemmer aukande med folketalet i krinsane/bygda. Det er opp til det enkelte grendeutvalet om dei vil oppnemne varamedlemer. Medlemer og varamedlemer i kommunestyret kan vere medlemmer i grendeutvala. Bygdamøtet/årsmøtet melder inn namna på medlemmer i sitt grendeutval til kommunestyret til orientering.»

65/19 Forliksråd nye Volda kommune**Vedtak:**

Fellesnemnda vedtek å etablere nytt Forliksråd for (Nye) Volda.

Som medlemmer/varamedlemer for det nye forliksrådet vedtek Fellesnemnda at dei valde medlemmene for forliksrådet i Volda held fram i det nye Forliksrådet ut resten av valperioden (ut 2020):

Medlemar:

1. **Petter Espe (formann)**
2. **Torill Rødven Eide**
3. **Håvard Strand**

Vara:

1. **Magnar Sunde**
2. **Gudrun Solstad Tokle**
3. **Rebecca Riise Bjerknes**

Behandling:**Røysting (10 røysteføre):**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Rådmannen si tilråding:

Fellesnemnda vedtek å etablere nytt Forliksråd for (Nye) Volda.

Som medlemmer/varamedlemer for det nye forliksrådet vedtek Fellesnemnda at dei valde medlemmene for forliksrådet i Volda held fram i det nye Forliksrådet ut resten av valperioden (ut 2020):

Medlemar:

1. Petter Espe (formann)
2. Torill Rødven Eide
3. Håvard Strand

Vara:

1. Magnar Sunde
2. Gudrun Solstad Tokle
3. Rebecca Riise Bjerknes

67/19 Val av målform i samband med kommunesamanslåinga

Vedtak:

- 1. Volda kommune skal vere nynorsk etter mållova**
- 2. Volda kommune skal nytte nynorsk som administrasjonsspråk**

Behandling:

Røysting (10 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Rådmannen si tilråding:

1. Volda kommune skal vere nynorsk etter mållova
2. Volda kommune skal nytte nynorsk som administrasjonsspråk

68/19 Markering overgang til ny kommune - fest 19. desember 2019

Vedtak:

- 1. Det vert arrangert fest for dei «gamle» kommunestyra i Volda og Hornindal og nye Volda for å markere overgangen til ny kommune 19. desember 2019.**
- 2. Kostnadsramme vert kr. 32.000, med dekning i prosjektet nye Volda.**

Behandling:

Fellesnemnda kom med innspel til arrangementet, som Jørgen Amdam vil arbeide vidare med.

Røysting (10 røysteføre):

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Rådmannen si tilråding:

1. Det vert arrangert fest for dei «gamle» kommunestyra i Volda og Hornindal og nye Volda for å markere overgangen til ny kommune 19. desember 2019.
2. Kostnadsramme vert kr. 32.000, med dekning i prosjektet nye Volda.